



Hardangerrådet iks



Hardanger

Team Hardanger

Referat frå studietur 16-18.10.2016

KVIKNES HOTEL , BALESTRAND



Ei lang historie med utvikling og pågangsmot på Kviknes Hotel i Balestrand

NORSK REISELIVSMUSEUM, BALESTRAND



Nytt museum i Balestrand: Norsk reiselivshistorie

FJORDAMAT TUNET, VASSENDEN I JØLSTER



Kjempe god heimelaga lamme sodd på FjordmatTunet . Sogn og Fjordane si eiga» Ingrid Espelid» Hustellæraren som har kursa fleire generasjonar i ekte mat laga frå bunnen. Etter å ha reist rundt, har ho laga seg kursloka heime på garden. Her held ho kurs i alt frå Hermetisering og baking til pizza. Dei er også aktive i «Jølster 365» Kort fortalt, samarbeid for å utvida sesongen

VIDAR SANDAL, BYRKJELO GEIT OG BESØKSGARD



På Geit og besøksfarm i Byrkjelo. Her er teknologialderen på plass.

TINE MEIERI BYRKJELO



Her er storproduksjon av Norvegia og Brunost. Tine Byrkjelo med ein fantastisk ambassadør for Tine!

GLOPPEN HOTEL,



Her er det matgleda, entusiasme, kunnskap, entreprenørskap, gründerverksemnd, lærlingebedrift(6 elevar i ulike fag) og mykje hardt arbeid. Ein utruleg inspirerande stad å vera!

Holtellet har mat i fokus. Produserar det meste sjølv, og lagar alt frå botnen av. Dei har bygd eige produksjonskjøkken. På stabburet hang det masse pinnekjøtt og lukta jul. I kjellaren har Preben investert i eit bryggeri med kar som tek 500 liter, utruleg lønnsom investering.

Dei har med sitt fokus skapt ei heilårsbedrift med 25 ansatte, god lønsemd og direktøren er berre 26 år gammal – dei har framtida føre seg! www.gloppenhotel.no

KUNNSKAPSPARKEN, SOGNDAL



I Sogndal heng alt saman med alt på Campus Fosshaugane. Mange krefter har drege ilag, og dei har turd å tenka store tankar.

I kommunen sitt planverk står det at alt av Idrett, skule og forskning skal vera på Campus Fosshaugane, og det er stor byggeaktivitet også i dag. Her er sarte løysingar, som at Vipp-losjar er skulerom om dagen, og losjar under kamp(annankvar søndag...) !

!! Sogn er dei små... Me er ikkje for små til nokon ting!

Spørsmålet kunnskapsparken stiller seg er : «Korleis oppfattar kundane våre næringsutvikling?»
Næringsutvikling =samfunnsutvikling, det heng saman.
Det private og offentlege må arbeide saman.

For eksempel:

!Nybrot prosjekt som arbeider mot å få til utvikling . Her har dei skapt eit rom til å så frø i: som sparebankstiftinga kan vera med på

LÆRDAL GRØNT, LÆRDAL




Næringsklynge i Habakken

- Lærdal Grønt: fellesfunksjonar og FK-butikk
"Smak av Sogn" – lokalt sal og profilering av:
- Fukt, bær og grønsaker
 - Kjøtt og fisk
 - Lokalt øl og bakevarer
- Eit nav for sal og distribusjon av regional, småskala mat (ref. og nye digitale salskanalar)
Kunnskap om lokalmat og matproduksjon
- Kopling lokalmat og reiseliv
 - Kva er moderne landbruk?
 - Korleis bevare produktkvalitet?
 - Produktutvikling i frukt, bær og grønt

Lærdal grønt er 40 produsentar med kontinuerleg fokus på utvikling.

Dei har tydeleg vekststrategi:

- Nye sortar
- Produsera på nye måtar kjøpa planter kvart år frå utlandet
- Dagleg leveranse
- Emballasje er merkevare design
- Vil levera frukt på ulik modningsgrad ,men i dag må dei plukka frukta før den er moden
- Vekst gjennom utvida sesong: F.eks. frosne bringebær dei er også meir modne.
- Teknologi: optisk pakking, kan dela morellene sortera morellene



Framtidsvisjonane til Lærdal Grønt

Kinsarvik 21.10.2016

Referat v/ Trude L. Rinaldo, Hardangerrådet